
Protokoll møte 01.2023 i generalforsamlinga i Sogn Sparebank

Møte i generalforsamling i Sogn Sparebank vart halde ved Årdal Teknologipark i Øvre Årdal, samt ved elektronisk deltaking via teams onsdag 20.04.2023 kl. 18:30.

Følgjande saker vart handsama:

Sak 01.2023 Opning

Leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim opna møte i generalforsamlinga.

a) Namneopprop

Sekretær i generalforsamlinga føretok namneoppop, sjå vedlagt frammøteprotokoll.

Vedtak:

Namneoppopet synte at det var 32 medlemar av generalforsamlinga med stemmerett, og generalforsamlinga er med dette vedtaksføre.

I tillegg var 5 styremedlem til stades i møte. Frå administrasjonen deltok adm. Banksjef, ass. Banksjef og sekretær for generalforsamlinga. Ansvarleg revisor Jon Haugervåg deltok også.

b) Godkjenning av innkalling og sakliste

Møte er innkalla etter §8-3 i finansføretakslova, og innkallinga vart sendt til medlemane og varamedlemene i generalforsamlinga 29.03.2023. I følgje banken sine vedtekter § 3-8, og lova om finansføretak og finanskonsern (finansføretakslova) skal generalforsamlinga i føretak som ikkje er organisert som aksjeselskap eller allmennaksjeselskap, innkallast av styret. I følgje banken sine vedtekter § 3-8 skal innkallinga med saksvedlegg sendast medlemane i generalforsamlinga seinast 21 dagar før møtet.

Innkallinga til medlemane i generalforsamlinga er difor innanfor fristen som angitt ovanfor.

Vedtak:

Det er ingen merknad til innkallinga, og saklista vart samrøystes godkjent. Møtet er lovleg sett.

Sak 02.2023 Val av møteleiar

Generalforsamling gjorde framlegg om at leiar i generalforsamlinga Roy Egil Stadheim vart vald til å leia møtet.

Vedtak:

Leiar i generalforsamling, Roy Egil Stadheim, vart valt til å leia møte.

Sak 03.2023 Val av to til å underskrive møteprotokollen saman med leiar i generalforsamlinga

Leiar i generalforsamlinga gjorde framlegg om to personar, Jan Olav Fretland og Inga Winjum, til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Vedtak:

Jan Olav Fretland og Inga Winjum var valde til å underskrive møteprotokollen saman med møteleiar.

Sak 04.2023 Val av to til å vere teljekorps

Leiar i generalforsamlinga gjorde framlegg om to personar, Anita Lærum og Krister Sveen Solheim, til teljekorps.

Vedtak:

Anita Lærum og Krister Sveen Solheim vart valde til teljekorps.

Sak 05.2023 Årsoppgjer for 2022

a) Rekneskap 2022

Adm. banksjef Mads A. Indrehus og ass. banksjef Gunnar Skahjem refererte hovudtala i rekneskapen og orienterte om drifta til banken. Han viste ei oversikt over den økonomiske utviklinga i banken.

b) Årsmelding frå styret 2022

Styreleiar Kristine Grønner Ohnstad presenterte hovudpunkta i styret si årsmelding.

c) Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2022

Styreleiar Kristine Grønner Ohnstad las opp stadfestinga frå styret og dagleg leiar 2022.

d) Eigarstyring og selskapsleiing

Styreleiar Kristine Grønner Ohnstad la fram rapporten: Eigarstyring og selskapsleiing frå styret 2022.

e) Revisjonsmelding 2022

Revisor Jon Haugervåg la fram revisjonsmeldinga.

f) Årsoppgjersdisposisjonar

Styret tilrådde generalforsamlinga å disponere årsresultatet 2022 som følger:

Årsresultat etter skatt	67,3 MNOK
Utbytte EK bevis	6,3 MNOK
Utjammingsfond	3,1 MNOK
Gåveutdeling	5,9 MNOK
Sparebanken sitt fond	52 MNOK

Styret tilrådde generalforsamlinga å betale ut NOK 10,- i utbytte pr. egenkapitalbevis for 2022.

Styret ba generalforsamlinga om fullmakt til å disponere og dele ut avsette gåvemidler NOK 5.900.000,- i samsvar med § 6-1 i banken sine vedtekter: Gåver skal fordelast med 34,2 % innanfor kommunane Årdal og Lærdal, 26,41 % innanfor Vik kommune og 39,39 % innanfor Aurland kommune.

Dette skal ikkje vere til hinder for tildeling av inntil 30 % av gåvemidlane til allmennyttige føremål i omkringliggjande områder der banken utøver forretningsverksemd eller ynskjer å marknadsføre seg.

Vedtak:

Generalforsamlinga handsamar styret sitt framlegg til årsrekneskap med notar, styret si årsmelding for 2022 med hovudprinsipp for godtgjersle til leiande tilsette, og utgreiing om eigarstyring og selskapsleiing. Revisor si melding vart gjennomgått. Generalforsamlinga fastset banken sitt resultatrekneskap og balanse for 2022 i samsvar med innstilling. Generalforsamlinga vedtek framlagd disponering av årsresultat for 2022 i samsvar med styret si tilråding.

Sak 06.2023 Godtgjersle til revisor

Leiar i generalforsamlinga, Roy Egil Stadheim, gjorde greie for revisjonsrekninga i 2022.

Vedtak:

Honorar vert godkjent etter framlagd rekning.

Sak 07.2023 Fullmakt til å erverve egne egenkapitalbevis

Adm. banksjef, Mads A. Indrehus, la fram saka.

Styret ba generalforsamlinga å fornye fullmakta til å erveve egne egenkapitalbevis.

Vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til å erverve egne egenkapitalbevis under følgjande vilkår:

1. Fullmakta er avgrensa til maksimalt 3 % av eigenkapitalbevis med pålydande verdi på NOK 180, totalt pålydande NOK 3.415.500. Total antal eigenkapitalbevis i Sogn Sparebank pr. dags dato er 632.500 stk.
2. Kjøpesummen skal vere mellom NOK 130 og NOK 180 per eigenkapitalbevis. Alt sal skal skje over Oslo Børs.
3. Styret har elles friheit til å erverve og avhende eigne eigenkapitalbevis.
4. Eigenkapitalbevis erverva i samsvar med fullmakta kan berre nyttast til overføring til tilsette i Sogn Sparebank som ledd i banken sin spareordning for tilsette godkjent av styret. Eventuelle overskytande eigenkapitalbevis etter overføring til tilsette kan seljast på marknaden.
5. Fullmakta gjeld frå generalforsamlinga si avgjerse om å tildele fullmakta og fram til ordinær generalforsamling i 2024, seinast 30. april 2024.
6. Fullmakta er betinga av godkjenning frå Finanstilsynet, og skal registrerast i Føretaksregisteret.

Sak 08.2023 Fullmakt til opptak av fondsobligasjon og ansvarleg lån

Styret ba generalforsamlinga om fullmakt til opptak av ansvarleg obligasjonslån og fondsobligasjonslån for å kunne dekkja eit eventuelt auka behov for soliditet i banken. Vidare ba styret generalforsamlinga om fullmakt til å heilt eller delvis innfri eksisterande fondsobligasjonslån dersom kapitalbehovet til banken etter styrets skjønn tilseier at det ikkje lenger behov for heile eller deler av fondsobligasjonslånet.

Vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt som følgjer:

1. Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til å ta opp tidsavgrensa ansvarleg obligasjonslån med rammer på inntil NOK 50 mill. med innløysingsrett etter fem år. Det er ein føresetnad at dei ansvarlege låna tilfredsstillar dei kvalitative krava til tilleggs kapital og tel som ansvarleg kapital i norsk regelverk.
2. Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til opptak av fondsobligasjonslån med ramme på inntil NOK 50 mill. som tilfredsstillar regelverket for teljande kjernekapital. Generalforsamlinga gjev vidare styret fullmakt til å heilt eller delvis innfri fondsobligasjonslån innafor ei ramme på NOK 40 mill. på marknadsmessige vilkår dersom fondsobligasjonslånet erstattast med anna ansvarleg kapital eller kapitalbehovet for banken etter styrets skjønn tilseier at det ikkje lengre er behov for heile eller deler av fondsobligasjonslånet.
3. Det vert foreslått at fullmakta blir gjevne på følgjande vilkår:
 - a. Styret står fritt til å tilpassa løpetid og pris etter behovet til banken og marknaden sin prising av kapital. Avgjerd om aksept av vilkår kan delegerast administrerande banksjef.
 - b. Fullmakta gjeld fram til neste ordinære generalforsamlingsmøte, maks 15 mnd., eller inntil den eventuelt blir endra eller trekt tilbake ved nytt vedtak i generalforsamlinga

Sak 09.2023 Fullmakt til å foreta retta emisjon

Styret ba generalforsamlinga om fullmakt til kunne foreta ein eller fleire emisjonar.

Vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til å auke eigenandelskapitalen i Sogn Sparebank i samsvar med finansforetakslova § 10-10 (2) jf. Allmennaksjelova § 10-14 (2) under følgjande vilkår:

1. Eigarandelskapitalen kan aukast med inntil NOK 12 650 000 ved utstedelse av inntil 126 500 nye eigenkapitalbevis, kvar pålydande NOK 100. Dette utgjør 20 % av banken sin utstedte eigarandelskapital per dato for dette vedtaket.
2. Fullmakta gjeld frå generalforsamlinga si avgjerd om å tildele fullmakta og fram til ordinær generalforsamling i 2024, seinast 30. april 2024.
3. Eigenkapitalbevisegarane sin førerrett kan fråvikast.
4. Fullmakta omfattar berre aukiing av banken sin utstedte eigarandelskapital mot innskot i pengar.
5. Fullmakta omfattar ikkje avgjerd om fusjon.
6. Styret fastset dei øvrige vilkåra for kapitalaukiinga, inkludert teikningskurs og tildelingskriterium.
7. Utstedelse av eigenkapitalbevis i samsvar med fullmakta er avhengig av godkjenning frå Finanstilsynet og at fullmakta er registrert i Føretaksregisteret.
8. Styret blir gitt fullmakt til å endre vedtektene § 2-2 for å reflektere ny utstedt eigarandelskapital og nytt tal på eigenkapitalbevis etter kapitalaukiinga.

Sak 10.2023 Fordelingsnøkkelen til banken sitt gåvefond – svar på tillegsspørsmål i sak 05.2022, punkt f

Adm. banksjef, Mads A. Indrehus, orienterte om fordelingsnøkkelen for gåver som er ein del av fusjonsavtalen mellom bankane og bakgrunnen for denne. Det vart vidare orientert om kva som krevst for at denne skal kunne endrast og kva alternativ som er mogleg.

Vedtak:

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande.

Sak 11.2023 Forenkling av vedtekter

Leiar i sentral valnemnd, Marta Sofie Vange, og adm. banksjef, Mads A. Indrehus, orienterte om saka.

Vedtak:

Generalforamlinga gjev styret fullmakt til å utarbeide forslag til vedtektsendringar til neste ordinære generalforsamling.

Sak 12.2023 Retningslinjer for godtgjersle

Styremedlem og leiar for revisjons- og risikoutvalet, Olav Vikøren, la fram rapporten.

Vedtak:

Generalforsamlinga tek retningslinene til vitande.

Sak 13.2023 Rapportering av godtgjersle til leiande personale i Sogn Sparebank

Styremedlem og leiar for revisjons- og risikoutvalet, Olav Vikøren, la fram rapporten. Revisor Jon Haugervåg la fram revisjonsmeldinga på rapporten av godtgjering til leiande personale i Sogn Sparebank.

Vedtak:

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande.

Sak 14.2023 Satsar for godtgjersle

Leiar i sentral valnemnd, Marta Sofie Vange, legg fram framlegget til den sentral valnemnda til satsar for godtgjering. Sentral valnemnd tilrådte generalforsamlinga å vedta framlagde satsar for godtgjersle til tillitsvalde i Sogn Sparebank.

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtok framlagde satsar for godtgjering av tillitsvalde i Sogn Sparebank.

HONORARSATSAR SOGN SPAREBANK	SOGN SPAREBANK	FRAMLEGG SOGN SPAREBANK
Gjeld frå:	27.04.2022	20.04.2023
Generalforsamling		
Leiar	15.000	15.000
Nestleiar i generalforsamlinga pr. møte	1.600	1.600
Medlem pr.møte	1.600	1.600
Varamedlem pr. møte	1.600	1.600
Styret		
Leiar	150.000	150.000
Nestleiar i styret	105.000	105.000
Medlem	85.000	85.000
Varamedlem pr. møte	4.500	4.500
Revisjons- og risikoutval		
Leiar fast	26.000	40.000
Medlem fast	19.000	30.000
Valnemnd		
Leiar pr. møte	3.200	3.200
Medlem pr. møte	1.600	1.600
Varamedlem pr. møte	1.600	1.600
Tapt arbeidsforteneste		
	Nei	Nei
Anna		
Ekstra honorar ved strategisamling, kurs o.l. halv dag (til 4,0 timar)	2.250	2.250
Ekstra honorar ved strategisamling, kurs o.l. > halv dag (frå og med 4,0 timar)	4.500	4.500
Reise/Diett		
Etter staten sine satsar	Ja	Bankens egne satsar

Sak 15.2023 Val i samsvar med lover og vedtekter

Leiar i sentral valnemnd, Marta Sofie Vange, gjorde greie for valnemnda si innstilling. Valet var leia av leiar i generalforsamlinga.

Vedtak:

STYRET

a) Styremedlem

På val:

1 medlem for perioden 2023-2024	(Aurland)	Arve Tokvam
1 medlem for perioden 2023-2024	(Årdal/Lærdal)	Anne Kauppi
1 medlem for perioden 2023-2024	(Vik)	Olav Vikøren
1 medlem for perioden 2023-2024	(tilsettevald)	Halvor Larsen

Innstilt:

1 medlem for perioden 2023-2024	(Aurland)	Atle Terum
1 medlem for perioden 2023-2024	(Årdal/Lærdal)	Marit Røyrvik Eldegard
1 medlem for perioden 2023-2024	(Vik)	Olav Vikøren
1 medlem for perioden 2023-2024	(tilsettevald)	Halvor Larsen

b) Varamedlem til styret

På val:

1 varamedlem for perioden 2023-2024	(Aurland)	Lars Loven
1 varamedlem for perioden 2023-2024	(EKbevis – 2. vara)	Vilde Wergeland

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2023-2024	(Aurland)	Lars Loven
1 varamedlem for perioden 2023-2024	(EKbevis – 2. vara)	Vilde Wergeland

NESTLEIAR TIL STYRET

På val:

Nestleiar i styret for perioden 2023-2024	Arve Tokvam
---	-------------

Innstilt:

Nestleiar i styret for perioden 2023-2024	Sindre Wergeland
---	------------------

NESTLEIAR I GENERALFORSAMLING

På val:

Nestleiar generalforsamling for perioden 2023-2024	Jarle M. Teigen
--	-----------------

Innstilt:

Nestleiar generalforsamling for perioden 2023-2024	Jarle M. Teigen
--	-----------------

LOKALE VALNEMNDER

a) Lokal valnemnd AURLAND

Medlem

På val:

1 medlem for perioden 2023-2024	(Kommunevald)	Anita Lærum
1 medlem for perioden 2023-2024	(Tilsett)	Britt Julusmoen Bakk

Innstilt:

1 medlem for perioden 2023-2024	(Kommunevald)	Anita Lærum
1 medlem for perioden 2023-2024	(Tilsettevald)	Britt Julusmoen Bakk

Varamedlem**På val:**

1 varamedlem for perioden 2023-2024 (Kundevalg) Inga Winjum

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2023-2024 (Kundevalg) Eva Laastad

b) Lokal valnemnd ÅRDAL/LÆRDAL**Medlem****På val:**

1 medlem for perioden 2023-2024 (Tilsettevalg) Catrin H. Sandnes

Innstilt:

1 medlem for perioden 2023-2024 (Tilsettevalg) Catrin H. Sandnes

Varamedlem**På val:**

1 varamedlem for perioden 2022-2023 (Kommunevalg) Egil Natvik Vestrheim

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2022-2023 (Kommunevalg) Egil Natvik Vestrheim

Suppleringsval varamedlem

1 varamedlem for perioden 2023 (Tilsettevalg) Magne Klepp

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2023 (Tilsettevalg) Krister Sveen Solheim

c) Lokal valnemnd VIK**Medlem****På val:**

1 medlem for perioden 2023-2024 (Kundevalg) Arnstein Hove

Innstilt:

1 medlem for perioden 2023-2024 (Kundevalg) Arnstein Hove

Varamedlem**På val:**

1 varamedlem for perioden 2023-2024 (Tilsettevalg) Britt Helland

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2023-2024 (Tilsettevalg) Kirsten Asheim

Suppleringsval medlem

1 medlem for perioden 2023 (Tilsettevalg) Bjørn Moheim

Innstilt:

1 medlem for perioden 2023 (Tilsettevalg) Britt Helland

Suppleringsval varamedlem

1 varamedlem for perioden 2023 (Kundevalg) Reidunn Bolstad

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2023 (Kundevalg) Per Aase

SENTRAL VALNEMND

Medlem

På val:

1 medlem for perioden 2023-2024 (Kommunevalg) Anita Lærum
1 medlem for perioden 2023-2024 (EK-bevis) Asgeir Løno
1 medlem for perioden 2023-2024 (Tilsettevalg) Britt Julusmoen Bakk

Innstilt:

1 medlem for perioden 2023-2024 (Kommunevalg) Anita Lærum
1 medlem for perioden 2023-2024 (EK-bevis) Asgeir Løno
1 medlem for perioden 2023-2024 (Tilsettevalg) Britt Julusmoen Bakk

Varamedlem

På val:


1 varamedlem for perioden 2023-2024 (Vik) Arnstein Hove
1 varamedlem for perioden 2023-2024 (Årdal/Lærdal) NY
1 varamedlem for perioden 2023 (Aurland) NY
1 varamedlem for perioden 2023 (EK-bevis) NY
1 varamedlem for perioden 2023 (Tilsettevalg) NY

Innstilt:

1 varamedlem for perioden 2023-2024 (Vik) Arnstein Hove
1 varamedlem for perioden 2023-2024 (Årdal/Lærdal) Per Olav Lerøy
1 varamedlem for perioden 2023 (Aurland) Bjørn Ebne
1 varamedlem for perioden 2023 (EK-bevis) Jarle M. Teigen
1 varamedlem for perioden 2023 (Tilsettevalg) Catrin H. Sandnes

Sogn, 20.04.2023

Møtet slutt kl. 20:20.



Roy Egil Stadheim s.
Leiar i generalforsamlinga



Jan Olav Fretland



Inga Winjum

FRAMMØTE PROTOKOLL GENERALFORSAMLING 20.04.2023

Generalforsamling

OFFENTLEG VALDE

MEDLEMER

Geir-Ove Kvam	Aurland
Anita Lærum	Aurland
Knut Nedberge	Aurland
Kirsti Eklund	Årdal
Sigmund Solvoll	Årdal
Egil Natvik Vestrheim	Lærdal
Roy Egil Stadheim	Vik
Marta Sofie Vange	Vik
Rune Lunde	Vik

KUNDEVALDE

MEDLEMER

Eva Laastad	Aurland
Inga Winjum	Aurland
Niels H. Larsen	Årdal
Per Olav Lerøy	Årdal

	Inger Bakken	Lærdal	
Arnstein Hove	Vik	Lars-Magnus Bungum	Vik
Leentje van der Wal	Vik		
Bjarne Engum	Vik		

EIGENKAPITALBEVISEIGARVALDE

MEDLEMER

Jan Olav Fretland	EK-bevis
Martin Jakob Nagell	EK-bevis
Grzegorz Stefanski	EK-bevis
Frode Andreas Håggvar	EK-bevis
Asgeir Lønno	EK-bevis
Kjell Arne Vigdal	EK-bevis
Jarle M. Teigen	EK-bevis

TILSETTEVALDE

MEDLEMER

Robert Haugen	Tilsette
Catrin Sandnes	Tilsette
Kirsten Asheim	Tilsette
Britt Grov Helland	Tilsette
Britt Julusmoen Bakk	Tilsette
Krister S. Solheim	Tilsette

VARAMEDLEMER

VARAMEDLEMER

	Ingvild Åsvang	Aurland
	Lars-Magnus Bungum	Vik

Styret

MEDLEMER

Kristine G. Ohnstad	A
Olav Vikøkren	V
Anne Kauppi	Å/L
Kåre Mentz Lysne	Å/L
Halvor Larsen	Tilsette

Administrasjon

Mads Indrehus	Adm. banksjef
Gunnar Skahjem	Ass. Banksjef
Anette Huun Jevnaker	Sekretær generalforsamling

Revisor

Jon Haugervåg

Forkortingar

Kommunevald	KO	Aurland kommune	A
Kundevald	KU	Lærdal kommune	L
Eigenkapitalbeviseigarvald	Ekbevis	Årdal kommune	Å
Tilsettevald	Tilsette	Vik kommune	V